



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 21. september 2013

NVE

FRÅSEGN – MALME OG RØSHOL KRAFTVERK I FRÆNA KOMMUNE

Naturvernforbundet har gått langs elva på den planlagde utbyggingsstrekninga 15.9.2013. Vi har ikkje gått traseen for røyret.

Vi må ha oversett kapitlet som samanliknar vassdraga i området for å summere opp om det finst liknande vassdrag elles. I søknaden sitt kapittel 1.5 står det rett nok noko som kan vere eit forsøk, men dette er i alle fall heilt utilstrekkeleg for å kunne vurdere biologisk mangfald knytt til vassdrag i området.

I rapporten for biologisk mangfald står det rett nok litt i 3.1.1, men dette er ikkje tilstrekkeleg. I 3.4.1 finn vi det som er nærast: «Verken strømningsforhold eller verdiene fra vannkvalitetsmålingen gir indikasjon på at faunaen skal være spesiell, og det er grunn til å tro at øvrige nærliggende vassdrag har omtrent tilsvarende ferskvannsfæuna.»

Fræna kommune har nokre stilleflytande vassdrag, dei fleste betydeleg påverka av landbruket. Fleire vassdrag er påverka av industriell verksemd/massetak. Vassdrag på høgkant av nokon storleik er det ikkje så mange av. Ein god del av dei som finst er påverka av ulike utbyggingar. Såleis kan det vere eit spørsmål om det finst særleg mykje igjen av heilt ordinær, uregulert vassdragsnatur i denne storleiken på Moldehalvøya.

Det er elles sjeldan at vi ser søknader der det er gjort eit godt arbeid for å kunne samanlikne tilhøve knytt til biologisk mangfald i vassdraga innan kommunen/regionen. Det tyder at kunnskapsgrunnlaget på dette punktet er svakt, og at ein risikerer å stå att utan vassdrag med det ein

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett

www.naturvernforbundet.no/mr

rekner for å vere «ordinær natur». Viss ikkje søknadene betrar seg på dette punktet, vil Naturvernforbundet måtte prøve denne mangelen i klagesaker framover.

Vi merker oss at ål er påvist i nedre del av vassdraget. Vi har for liten kjennskap både til ål og vassdraget til å seie noko om utbygging vil ha noko å seie for ålen. Men det er i alle fall klart at ålen gjennom lengre tid har fått vanskelegare kår i andre vassdrag i regionen, og at situasjonen dermed er slik at sjølv små negative endringar for arten kan ha stor verknad.

Når det gjeld vurdering av naturtypar langs vassdraget vil vi seie oss samd i hovudtrekka som kjem fram i rapporten om biologisk mangfald. Langs delar av vassdraget står det gråor-heggeskog, sjølv om ein lett kan tru at det er granskog heilt til elvebreidda. Men vi har ikkje sett noko som kvalifiserer til å vere naturtypelokalitet. Til det er førekomstane for fragmentariske.

Når det gjeld Storfossen og fossesprøyt vil vi peika på følgjande:

Fosser blir ofte til ved at det geologisk finst ei lomme med lausare bergartar nedanfor ein hard bergart. Ein kan sjå slike harde strukturar i toppen av fossen. Spørsmålet er difor om det rett nedanfor har vore og framleis kan vere igjen bergartar med andre eigenskapar. Ved vårt besøk fann vi på bergknausen rett nedstraums Storfossen svarttopp og dvergjamne som er planter som tyder på basisk påverknad. Vidare var det også kattedot som ofte kan peike litt i same retning. Det er mykje truleg at mesteparten av den lausare bergarten alt er bortvaska, men i nokre flater kan det følgjeleg vere ein påverknad som gir ein annan flora. Desse flatene er ikkje tilgjengelege utan taukltring eller eit betydeleg element av bading og bruk av stige. Vi trur difor at dei biologiske undersøkingane her kan ha manglar.



Foto 15.09.2013 Øystein Folden.

Til venstre i biletet kan vi sjå ein rygg av harde bergartar i toppen av fossen. Spesielt veggen vi ser litt til høgre for midten på biletet kan vere ein rest av ein lausare bergart. Rett utanforbiletkantane til høgre blei det påvist svarttopp, dvergjamne og kattedot.

Når ein skal summere opp det som gjer størst inntrykk ved denne delen av vassdraget, er Storfossen alt i alt sentral. Vi besøkte fossen på ganske låg vassføring. Ved midlere vassføring vil nok inntrykket forsterke seg mykje. Dei store vassføringane vil nok også gi sterke inntrykk, men då vil området vere mindre tilgjengeleg. Det er midlere vassføring som ved utbygging vil endre seg mest.



Vi vil elles peike på at det på autsida av fossen er ein sti som blir bruka ein del. Eit stykke nedanfor Storfossen finst det elles ein gapahuk som blir bruka av skulen i området. Viss vassføringa blir redusert, vil lyden frå trafikken bli meir høyrbar. Dermed vil ein misse ein del av opplevinga av å kome seg skikkeleg ut i naturen, slik ein gjer no, viss det blir ei utbygging.

Det er elles ikkje mykje tilrettelegging som skal til for at det blir lett å besøke området ved Storfossen, og då vil dette området kunne gi den største fosseopplevinga i Molde/Fræna.

Litjfossen har eit anna inntrykk enn Storfossen, men representerer også store kvalitetar som det ikkje er så mykje av så nær trafikk og busetnad i dette området.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Fylkesmannen



Frå oversida av Storfossen.



Frå oversida av Storfossen.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Under fossefallet i Storfossen. Det er mogleg det skjular seg ei stor jettegryte her.





Storfossen med ganske låg vassføring 15.09.2013.



Gjelet under Storfossen er ganske spesielt.



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Litjfossen frå nedsida.